Vedlegg C

# Arbeidsinstruks for vintervedlikehald

1. Kontraktøren samt eventuell vikar skal gjere seg kjend med roden, instruksen og kontrakten før arbeidet blir satt i verk. Vidare skal kontraktøren til ei kvar tid rette seg etter direktiv frå Kvinnherad kommune. Dersom det er uklart korleis arbeida skal utførast skal dette takast opp med Kvinnherad kommune. Kontraktøren plikter å sette seg inn i og følgje bestemmingane i vegvesenet si handbok nr. N 301 om "Arbeid på og ved veg". Handboka er retningsgjevande for Kvinnherad kommune og omfattar mellom anna skilting ved snørydding etc.

2. Der tilliggjande gang/sykkelveg, fortau eller riks/fylkesveg vert brøyta av andre, skal arbeidet koordinerast med rette vedkomande, for å unngå dobbeltarbeid og at snø sperrer desse anlegga meir enn høgst nødvendig.

3. Dersom det er uver eller andre årsaker til at arbeida ikkje kan gjennomførast som føresett, skal Kvinnherad kommune varslast snarast. Dersom kontraktøren ikkje får brøyta vegane som planlagt skal leverandøren ringe til Oppdragsgjevar innan kl. 0700 og orientert om stoda. Dette gjer arbeidet enklare og styrkjer servicen overfor publikum.

4. Ved vegsperringar pga. fonner, ras eller andre årsaker skal Kvinnherad kommune varslast omgåande. Dersom det er fare for liv og helse skal brann/ulykkesvakta tlf. 110 eller politi 112 varslast. Dette gjeld også andre forhold som representerer fare for trafikkantane. Kvinnherad kommune skal varslast om vegskader og andre ekstraordinære forhold som gjer det nødvendig at kommunen sine folk må rykke ut.

5. Kontraktøren skal ha oppsyn med sin rode som del av beredskapsgodgjersla og hindre at vegen og tilstøytane anlegg får skade ved snøsmelting og derav flom. Dersom kontraktøren ser det påkravd at kommunen iverksett vedlikehaldsarbeid skal Kvinnherad kommune varslast omgåande.

6. Kontraktøren skal vise omsyn til annan trafikk og vegens naboar. I størst mogleg grad må ein unngå at møtande trafikk får tildekt frontruter med snøføyke og eigedomar langs vegen må ikkje påførast skade. Der det ikkje medfører særleg ekstraarbeid, skal ein unngå (mest mogleg) å legge snø i avkøyrsler og tilstøytane vegar. Snø skal ikkje leggast slik at det hindrar fri sikt i kryssområde.

7. Ved passering av bruer og gjerder langs vegen må ikkje snøen pressast så hardt mot desse at dei får skader. Kostnader med reparasjon av kantstein, gjerder, kummar som følgje av hardhendt brøyting, kan bli belasta kontraktøren.

8. Etter trafikkreglane § 2nr.4 kan fører av køyretøy som er i bruk til vegarbeid, når det er til vesentleg lette for arbeidet, fråvike det som er fastsett i eller i medhald av vegtrafikklova §§ 4-9. Vegtrafikklovas § 3 skal likevel alltid overhaldast og kan ikkje fråvikast. Brot på denne regelen set føraren i same strafferettslege stilling som ein kvar annan trafikant. Når det er nødvendig for å hindre fare, skal førar av køyretøy som er i bruk i vegarbeid eller liknande og som fråviker vegtrafikkbestemmingane, nytte gult blinkande lys. jf. trafikkreglane § 14 nr.3.

9. Ved brøyting skal følgjande prioritering leggast til grunn: Gangvegar – Hovudvegar – Samlevegar og plassar – sidevegar og stikkvegar.

10. Vegar som har stigning mot hovudveg skal prioriterast innafor sin kategori, der dette ikkje forsinkar brøytinga totalt sett. Eventuell utbrøyting til full bredde av kryss og busslomme etc., skal utførast snarast etter gjennombrøyting.

11. Oppdragsgjevar har rett til å pålegge endring i prioritetsrekkefølgen.

12. Brøyting skal settast i gang ved - 5 cm våt snø, eller 8 cm tørr snø. Maksimal snømengde er 15 cm på roden/vegen før den er gjennombrøyta og roden skal vere gjennombrøyta innan kl. 0630. Brøytinga skal elles tilpassast behovet for publikum og dette tilseier ei naturleg standardsenking av brøytinga mellom kl.2300 og kl. 0500

13. Ved glatte vegar og behov for strøing av salt eller sand pliktar kontraktøren straks å varsle Kvinnherad kommune, som vil avgjere kor vidt og i kva slags omfang strøing skal føretakast. Dersom Kvinnherad kommune gir pålegg om at strøing skal føretakast, pliktar kontraktøren å utføre strøing straks. Pålegg om strøing kan gis av Kvinnherad kommune uavhengig av om kontraktøren har varsla om behov for dette.

14. Ved strøing skal gangareal prioriterast, då særleg tilkomst for offentlege bygg. På køyreveg skal strøinga vera begrensa til det absolutt naudsynte. Ved strøing skal kontraktørane nytte strøsand/salt innkjøpt av Kvinnherad kommune. Strøsand/salt skal hentast på anvist plass.

15. Kvinnherad kommune reserverer seg retten til å nytta eigne maskiner og eige utstyr til å utføra delar av vintervedlikehaldet, dersom kommunen har ledig kapasitet.
    Dette gjeld alle typar arbeid. Før Kvinnherad kommune sett i verk slik arbeid vil kontraktøren bli varsla. Bruk av kommunens eigen kapasitet er ikkje betinga av at kontraktøren har mislighalde sine plikter. Bakgrunnen for at det kan vere aktuelt å nytta eigen kapasitet, er at oppdragsgjevar har som mål å få utført tenestene på ein økonomisk mest mogleg fordelaktig måte for kommunen.

16. Leverandøren er ansvar for skader og har plikt til å holde ansvarsforsikring. Kvinnherad kommune er utan ansvar for alle typar skader som måtte oppstå under kontraktørens utføring av oppdraget, også overfor tredjemann.

17. Dersom leverandøren påfører skade på fast eigedom/gjerder etc. under brøyting, skal han straks melde frå til Kvinnherad kommune som skal sjå på skaden og gjera dei nødvendige notat. Skade gjort av leverandør, må han sjølv svare for.

18. Brøytevakt/operativ leiar hos Kvinnherad kan pålegge at brøyting skal finne stad uavhengig av beskrivinga i dette konkurransegrunnlag. Likeleies kan vedkommande pålegge kontraktørane at det ikkje skal føretakast brøyting sjølv om brøyting etter kontraktørens oppfatning skal finne stad.

19. Arbeidet omfattar alle nødvendige aktivitetar for oppfylling av kontraktens krav, sjølv om de ikkje er uttrykkeleg nemnt i kontrakten.

20. Leverandøren skal halde seg informert om, og rette seg etter dei til ein kvar tid gjeldande lover, forskrifter, krav og pålegg frå offentlege myndigheiter samt tryggleiksinstruksar som vedrører arbeidet.

21. Leverandøren er ansvarleg for at det personell som skal utføre arbeidet har dei nødvendige godkjenningar, autorisasjonar og rettigheitar som er naudsynte for utføringa av arbeidet. Alle som skal utføre arbeid skal ha gjennomført kurs i arbeidsvarsling, minimum kurs 1. Ansvarshavande skal ha gjennomført kurs i arbeidsvarsling kurs 2.

22. Leverandøren pliktar å syte for at arbeidet blir utført i samsvar med alminnelege krav til helse- miljø og sikkerheit. Personell skal ha opplæring og naudsynt utstyr.

23. Oppdragsgjevar kan komme til å foreta stikkprøver av utstyr og personell for å sikre at krava i kontrakt og instruks vert etterlevd. Leverandøren pliktar å rette seg etter merknader frå oppdragsgjevar etter slike kontrollar.

24. Utstyr som skal nyttast ved brøyting av grusveg må vera egna for dette.

25. Personell som skal brøyte grusveg må ha opplæring på dette.

26. Oppdragsgjevar kan foreta stikkprøvar og kontrollere at utstyr brukt til strøing leverer rett mengde salt/ sand ved ulik hastigheit

27. Leverandøren pliktar å utføra vedlikehaldsarbeidet i samsvar med kontrakten og dei til ei kvar tid gjeldande pålegga frå Kvinnherad kommune, mellom anna kva slags utstyr som skal nyttast og om det skal brukast kjetting under utføringa av arbeidet. Leverandøren skal utføra arbeidet mest mogleg rasjonell og effektiv måte og til ei kvar tid nyttar det utstyret i den tilbydde utstyrsparken som er best eigna for effektiv drift.

28. Leverandøren pliktar, innanfor ramma av kontrakten, å samarbeida med oppdragsgivar og andre partar som påverkar eller blir påverka av leverandøren sitt arbeid. Leverandøren skal innretta seg etter dette samarbeidet slik at dei samla aktivitetane knytte til snøbrøyting kan gjennomførast på ein rasjonell og effektiv måte.

29. Kvinnherad kommune kan, utan kostnader for seg, kalla inn kontraktørane til eitt oppstartsmøte og eitt evalueringsmøte per år. Kontraktørane pliktar å møta på desse møta med alle maskinførarar som deltek eller skal delta i utføringa av oppdraget.

30. Leverandøren plikter og montere GPS som blir utlevert frå oppdragsgjevar. Leverandør må sjølv holda telefon eller nettbrett som kan brukast til flåtestyring. Leverandør plikter og bruke system for flåtestyring etter instruks og krav frå oppdragsgjevar.

31. Faktura skal sendast som EHF-faktura og merkjast ANS5148.
    Siste frist for fakturering for kvar vintersesong er 01.05.
    Fakturering skal skje månadleg innan den 10. i månaden. Fakturaen skal vere vedlagd timeliste som dokumenterer utførte timar knytte til vintervedlikehald. Oppdragsgjevar kan avvise fakturaer som blir sende etter disse fristane. Fristane er ikkje preklusiv, men overskriding skjer på fakturamottakar sitt eige ansvar.
    Beredskapstillegg blir utbetalt i to omgangar per sesong: første halvdel 15. november, og resterande halvdel 15. februar.